

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV NOVEMBER 2004.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00
Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset
Sekretær: Trygve Riise
Kasserer: Oddvar Haugen
Past pres.: Elisabet Sundgot
Styremedlem: Arne Lillebø
Styremedlem: Hans Gisle Holstad
Leiar ungdoms
utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad
Referent: Egil Utgård

Fødselsdager i november:

Oskar Grimstad	08.11
Arne Lillebø	24.11
Nils Yngve Nupen	05.11
Gunnar Riise	28.11
Arve Røyset	29.11
Egil Utgård	26.11

100%frammøte i november 2004:

Ingar Bigset, Karl Johan Brandal,
Håkon Eidsvik, Magnar Hatløy, Oddvar
Haugen, Hans Gisle Holstad, Otto
Holstad, Ågot Riise, Arve Røyset, Elias
Sellevoll, Irene Standnes

Frammøte 75,6%

**I november gjekk vi inn i adventstida.
28. november var første søndagen i
advent.
Ein av dei finaste julesongane som er
skrivne dei siste åra, er denne.**

En stjerne skinner i natt.

Nå er den hellige time
vi står i stjerneskin
og hører klokkene kime
nå ringes julen inn

Englene synger høyt i kor
synger om fred på vår jord
verden var aldri helt forlatt
en stjerne skinner i natt

En nyfødt kjærlighet sover
nå er guds himmel nær
vår lange vandring er over
stjernen har stanset her

Englene synger høyt i kor
synger om fred på vår jord
verden var aldri helt forlatt
en stjerne skinner i natt

Se himmlen ligger og hviler
på jordens gule strå
vi står rundt krybben og smiler
for vi er fremme nå

Nå kan vi drømme om den fred
som vi skal eie en gang
for dette barn har himmlen med
og jorden fylles med sang

Møte 1. november 2004

Denne måndagen hadde programkomiteen invitert Trine Pilskog og formannen i friidrettsgruppa i Hareid Idrettslag, Ove Midtflø, til møtet. Dei skulle stå for programmet.

Trine fortalte frå starten av si karriere og tok oss med heilt attende til då ho som 14-åring tok til med friidrett, med Asle Geir Johannsen som trenar, og fram til OL i Aten 2004, som til no har vore det største høgdepunktet i karrieren hennar. Berre det å kvalifisere seg til OL, med dei krava som der vert stilte, er i seg sjølv ein stor idrettsbragd. Etter det eg veit er det berre Audun Garshol frå vårt distrikt som tidlegare har representert Norge under eit OL.

Dette året har Trine fått god sponsorstøtte frå mange bedrifter her i Hareid og i nærdistriktet, og dette saman med den støtta som ho fekk frå Friidrettsforbundet, gjorde at ho kunne satse fullt framover mot OL, og klarte å kvalifisere seg.

Trine bur no for det meste i Italia. I landsbyen der ho bur, har ho ein personleg trenar som har hjelpt henne mykje. Likevel har ho valt å representere Hareid, og då ho like før forsøksheatet på 1500 m på Olympia stadion i Aten fekk høyre ”Heia Hareid” frå tribuna, var det ikkje fritt for at ho vart litt rørt.

Ho trudde ikkje at ho kom til å halde på heilt fram til neste OL, men at VM i Helsinki neste år var hennar neste store mål.

Møte 8. november 2004

Presidenten opna møtet. Deretter song vi ” Blant alle lande”. Denne songen passa godt til programmet for kvelden som Johs. Alme stod for.

Han hadde sommaren 1993 vore med m/s Polarstar, som gjekk rundturar med turistar på Svalbard. Desse turane tok 7 dagar, og båten var innom mange stader. Med avreise frå Longyerbyen, var båten innom Isfjorden, Ny Ålesund, Hinlopen, Woodfjorden, Gustav V Land og heilt nord til Sjøøyane før dei returnerte til Longyerbyen.

Der bur i dag 1400 fastbuande på Svalbard. Flesteparten av disse bur i Longyerbyen. Herfrå er det dagleg flyforbindelse til fastlandet. Her er gode servicetilbod, to store hotell, universitet, skular, idrettshall, symjehall, forretningar og sjukehus. Gruvedrifta som før var grunnlaget for busetnaden, har minka i Longyerbyen, men auka i Svea. No er det forskning og turisme som er livsgrunnlaget for dei fastbuande.

Alme synte bilete frå turen, og kommentarane var intressene. For dei som var tilstades, vart kvelden ei fin reise gjennom dette fascinerande øyriket.

Møte 15. november 2004.

Denne kvelden var det Otto Holstad som skulle halde sitt Ego-foredrag, og vi som hadde gleda oss til å høyre dette, vart på ingen måte skuffa. Otto innleia med å fortelje korleis besteforeldra kom til Hareid, korleis Me-gata fekk namn og om oppvekst og barndom på Ytre

Hareid. Han fortalde om Johanbuda, drakseriet til Norbert på Sveneset, misjonsforeninga som J.J.Holstad dreiv for gutane, om turar til Koppevatnet og overnatting i Håbakselet.

Han fortalde om utdanning og skule med Ingolv Hareide som lærar i barneskulen, Peder Måseide i framhaldskulen og realskulen i Ulsteinvik med Thorvald Bjørndal som lærar. Alle dyk tige lærarar, som han i ettertid har fått stor respekt for. Seinare vart det Handelsskule ved Ulvestad Handelsskule i Ålesund og fagbrev som bilmekanikar og rørleggar.

Som dei fleste andre ungdomane her frå bygda vart det sjøen som vart Otto sin første arbeidsplass. Han tok hyre som mess på m/s Myrland 14 år gamal på sildefiske til Island, med skipper Svinøy, ein hardhaus som det gjekk mange historier om. På denne turen måtte han take over som stuert og ha ansvaret for maten til 20 mann. Seinare vart det turar med m/s Øystein Orre, m/s Bard, m/s Islendingen og seinare m/s Polarstar på selfangst til New Foundland.

I 1963 tok han over drifta av bilverkstaden til faren John Holstad. I 1966 starta han rørleggerforretning på Hareid, og han har hatt mange store oppdrag her i bygda og i distriktet. Han nemnde Hareid Rådhus, Spennbetong, Liavåg Fiskeindustri, Utgård Mestermøbler, Hareid Sjuke og Aldersheim og fleire. I 1981 bygde han nytt forretningsbygg som han seinare utvida på Ytre Hareid, der han også ved sia av rørleggerforretninga, driv fargehandel.

Otto har mange hobbyar. Han har drive aktivt i politikken. Var formann i Hareid Høgre i 7 år. Sat i kommunestyret og formannskapet. Var fotballdommar i mange år, spelar badminton, og driv jakt og fiske. Han har også hatt tid til å vere hyttevakt om sommaren på Turistforeninga sine hytter i Tafjordfjella.

Han har hatt mange tillitsverv i Sentralstyret i Norske Rørleggere sitt Landsforbund og i Fargerike Norge.

Otto gifta seg i 1959 med Alfild Hagman frå Gjerdsвика, som har vore hans gode støttespelar gjennom alle år. Saman har dei 3 barn som har gitt dei 9 barnebarn.

I dag har neste generasjon overteke forretninga og bilverkstaden, men sjølv om han skal ta det litt meir med ro, tek det si tid å trappe ned.. Framleis er det Otto vi helst vil snakke med når problem skal løysast, og han stiller opp hjelpsam som alltid.

Vi takkar Otto for eit flott foredrag, krydra med mange gode historier.

Møte 22. november. Røvrafest og Guvernørbesøk.



Festkomiteen og kameratskapskomiteen hadde alt vore i sving i mange timar, då vi andre møtte opp på Holesandhytta denne kalde novemberkvelden. Her var det varmt og godt og borda var dekkja til fest; og ein festkveld vart det for oss som berre kunne take imot og nyte, både med øyre og gane.

Dette var også Guvernørbesøket for året 2004-2005. I år er det Magne Skudal frå Ålesund RK. som er vår Guvernør. Han hadde med seg kona Liv og ass. distriktsguvernør John Stennes som er frå vår klubb. Guvernøren vart høgtidleg ynskt velkomen til klubben vår av president Ingar som las hyllingsdiktet "Til vår høgste Høvedsmann". Dette er skrive av Johan Grimstad.



Det å lage til ein slik storslagen røyrafest er eit krevjande arbeid der mange er med. Først er det fiskarane med Håkon, Jarle og Karl-Johan i spissen som også dette året hadde sørge for rikeleg med

råstoff. Så er det Sløyarjengen som lagar fisken steike- og kokeklar. Deretter er det festkomiteen og kammeratskapskomiteen som tek over og har med sjølve festen å gjere, og matbordet var det ikkje noko å utsetje på.

Her var det røyr i alle variasjonar: steikt med rømme, sprøstekt, kokt, grava og ansjos. Salatar poteter, dressingar og sausar saman med laks i fleire variasjonar.



Men før vi fekk sleppe til matfatet, var det Leif Arne Nydal sin tur å traktere fela med slåttar og irske folketonar.

Deretter var det Guvernøren sin tale.

Han fortalde frå turen til Osaka i Japan, der alle påtroppende guvernørar frå heile verda var samla til skule. Rotary er i rotaryåret 2004-2005- 100 år, og dette må også vi markere.

Verdsresidenten Glenn E. Estess, Sr. sitt
valspråk for året 2004-2005 er
Celebrate Rotary. Han kom vidare inn
på Rotary sine etikkkrav, og viste til dei
store finansskandalen i Amerika, Enron,
og i Norge, Finance Credit. Rotary sine
etikkreglar er i høgste grad aktuelle. Han
presenterte sine mål for Rotary
Foundation for året 2004-2005.

Før på dagen hadde han hatt møte med
alle komiteformennene, og var svært
begeistra for prosjektet "tursti langs med
Hareidsvassdraget"

Eg vil tru at alle komiteane etter møtet
har fått mange gode tips for sitt vidare
arbeid i rotaryåret 2004/2005.

